

# Årdal kommune

## Sakspapir

| Saksnr | Utval         | Møtedato   |
|--------|---------------|------------|
| 064/12 | Formannskapet | 04.06.2012 |
| 059/12 | Kommunestyret | 14.06.2012 |

**Sakshandsamar:** Johannes Henrik Myrmel

**Arkiv:** K1-142

**Arkivsaksnr.** 10/1182

## **Kommuneplan for Årdal 2011- 2023 - arealdelen** **2. gangs handsaming (slutthandsaming) av kommuneplanen**

### **Kort samandrag**

Saka gjeld slutthandsaming av kommuneplan for Årdal kommune i samsvar med § 11-15 i plan- og bygningslova.

Kommunen har gjennom planarbeidet motteke mykje nyttig informasjon som det vil vere naturleg å vurdere nærmare i framtidig(e) plan- og utviklingsarbeid. Dette er merknader/ønskjer som går langt meir detaljert til verks enn det som var føresett i kommuneplana. Desse merknadane er i stor grad knytt til arbeid med framtidige reguleringsplanarbeid.

Plankartet med tilhøyrande planføresegner er utarbeidd på bakgrunn av politiske føringar. I tillegg har innbyggjarane og ulike styresmakter vore med å påverka utforminga av plana. Rådmannen finn no at planframlegget på ein tilfredstillande måte ivaretek dei ulike omsyna og interessene som gjer set gjeldande, og rår til at kommunen vedtek alternativ I med dei justeringane som går fram av tilrådinga. Samtidig ønskjer rådmannen å understreke at kommunen står fritt til å vedta alternativ I eller ein kombinasjon av alternativ I og II. Dersom kommunen ønskjer å gjere vesentlege endringar som ikkje har vore ute til offentleg ettersyn, må det vurderast om det er trong for nytt offentleg ettersyn.

Alternativ I har slikt hovudinnhald:

- Tettstadutvikling på Årdalstangen  
Alternativ 1 – Sjøfront og fortetting som omfattar områda T1, T3 og T4
- Tettstadutvikling i Øvre Årdal  
Alternativ 1 – Fortetting i sentrum og transformasjon som omfattar Ø1, Ø3, og Ø11
- Arealkrevjande næringsareal  
Alternativ 1 – Langsiktig sikring av utviklingsareal som omfattar Ø5, Ø6, Ø7, Ø8, Ø9, Ø10, T5 og T6
- Grendene og fjellområda – gjeldande arealbruk vert vidareført med opning for forsiktig planavklart fortetting.

§§ 9 (omdisponering) og 12 (deling) i jordlova bør gjerast gjeldande i LNF-områda for spreidd utbygging.

I tillegg rår rådmannen til at følgjande soneplanar og kommunedelplan vert oppheva:

- Soneplan for Øvre Årdal
- Soneplan for Årdalstangen
- Soneplan for Seimsdalen
- Soneplan for Utladalen
- Soneplan for Fardalen
- Kommunedelplan for Tyedalen

### **Rådmannen si tilråding:**

Kommuneplanutvalet rår Årdal kommunestyre til å gjere slikt vedtak:

Kommunestyret vedtek i samsvar med § 11-15 i plan- og bygningslova kommuneplan, alternativ 1, med følgjande justeringar av høringsutkast, handsama den 30.08.2011 i sak 095/11:

### **A. Justering av plankartet:**

- 1) Plankart vert namna høvesvis: Plankart 1 av 2 (arealbruk og omsynssoner med unntak av faresoner) og Plankart 2 av 2 (omsynssone fareområde).
- 2) Dei førebelse omsynssonene i høve flaum vert erstatta av nye kart som er utarbeidd av NVE.
- 3) Grense kring grustaket på Moa (Ø5) vert justert i samsvar med reguleringsplan som regulerer tilgrensande areal til landskapsvern og kulturminnevern
- 4) Område for bygg og anlegg – bustad på Årdalstangen og i Farnes vert endra til formålet område for bygg og anlegg. Planføresegn § 2-2 bokstav b vert flytta i samsvar med det som går fram av bokstav B i vedtaket.
- 5) Fiskeområdet midt i Årdalsfjorden vert sett av som kombinert fiske og ferdsel, dvs. kombinert formål i sjø og vassdrag (kode 6800).

### **B. Justering av planføresegnene:**

- 1) § 1-4, bokstav e, 1. ledd siste setning vert teken ut. Tekst som skal takast ut har slik ordlyd: «*Det vert ikkje kravd søknad for reklameskilt/reklameinnretningar som er mindre enn 0,6 m<sup>2</sup>, montert på flat vegg.*»
- 2) § 2-1, 2. leidd om unntak for krav om reguleringsplan for noverande industriområde vert flytta reformulert og plassert i § 1-2. I § 1-2 vert det teke inn ny andre setning med slik ordlyd: «*Kravet om reguleringsplan gjeld ikkje for noverande næringsverksemdar (industri).*»
- 3) § 2-2 bokstav b som utvidar kva formålet bustad femnar om, vert erstatta med ny føresegn under bokstav a, andre ledd, med slik ordlyd: «*Innanfor område avsett til bygg og anlegg i randområde til sentrumsområde på Årdalstangen og Farnes kan det først opp bustader, etablerast barnehage, undervisningsbygg, helseinstitusjonar, bygg for religiøs utøving og forsamlingslokale.*» Bokstavane for dei vidare føresegnene vert justert.
- 4) § 3-3, 4. ledd vert teken ut.
- 5) § 3-4 får slikt tillegg som siste setning: «*Småbåthamn med flytebrygge skal først opp slik at dei ikkje vert til hinder for bruk av låsettingsplass.*»
- 6) § 3-5 får slikt tillegg som siste setning: «*I sjøområda som i kommuneplana er avsett til låsetting av fisk, har tradisjonelt fiske prioritet framfor andre aktivitetar. Det må ikkje komme installasjonar i låsettingsplassane som kan hindre utøving av fiske.*»
- 7) § 4-2 vert teken ut og § 4-3 vert ny § 4-2.

### **C. Justering av retningslinjene:**

#### 1) Ankringsområde ved Årdalstangen

Det skal ikkje leggst ut kablar eller liknande som kjem i konflikt med ankringsområdet ved Årdalstangen som synt i fig. 4.1 i planomtala.

#### 2) Det er utarbeidd eit eige notat om Naddvik (vedlegg 2) med retningsliner som vert teke inn som retningsliner knytt til spesielt for Naddvik.

#### 3) Spreidd utbygging av fritidsbygg kring Torolmen

Tomt kan ikkje delast frå og nytt fritidsbygg kan ikkje førast opp på byggpunkt med raud firkant innanfor naturtypen som er registrert i Naturbasen til Direktoratet for Naturforvaltning (BN00017627) før det er dokumentert at det ikkje kjem i konflikt med naturkvalitetar.

#### 4) Reguleringsmagasin

Kyrkjevatn, Mannsbergvatn, Nedre Breibotnvatn, Torolmen, Biskopvatn, Krekavatn, Viervatn og Berdalsvatn er reguleringsmagasin.

### **D. Justering i planomtalen:**

#### 1) Kap. 1 i planomtala vert supplert med eit avsnitt som klargjer at plana ikkje er avklarande i høve kulturminne, med slik ordlyd: «*Plana er ikkje avklarande i forhold til automatisk freda kulturminne. Det inneber at omsynet til kulturminne må avklarast i samband med utarbeiding av reguleringsplan (område- eller detaljreguleringsplan).*»

#### 2) Kap 1 i planomtala vert supplert med eit avsnitt som klargjer at plana ikkje er avklarande i høve jordlova, med slik ordlyd: «*Ved godkjenning av plana vart det gjort særskilt vedtak om at §§ 9 (omdisponering) og 12 (deling) i jordlova gjeld innanfor landbruks-, natur- og friluftsområda for spreidd utbygging av fritidsbygg.*»

#### 3) Det er utarbeidd eit eige notat om Naddvik med suppleringsar til planomtalen som vert teke inn som ein del av omtalen knytt til spesielt Naddvik.

#### 4) Det vert utarbeidd diagram som viser hovudsambanda på Tangen og i Farnes med utgangspunkkt i skissene som er synt i notat Samband og transportsystem.

#### 5) Ferdsl og ankring er ikkje eige formål, men det er viktig arealbruk. Det vert teke inn ei omtale i plana om dette tilhøve i sjøområda utanfor tangen med tilhøyrande kartutsnitt.

#### 6) Kap. 6.1 vert justert i samsvar med svar frå fylkesmannen etter møtet den 24. mai 2012.

### **E. §§ 9 og 12 i jordlova**

Kommunestyret gjer i samsvar med § 2, 2 ledd i jordlova §§ 9 (omdisponering) og 12 (deling) i jordlova gjeldande for LNF-områda for spreidd utbygging.

### **F. Oppheving av soneplaner**

Kommunestyret opphevar i samsvar med § 11-17 i plan- og bygningslova følgjande kommunedelplan/soneplaner:

#### 1) Soneplan for Øvre Årdal, vedteken av kommunestyret den 12.05.1987

#### 2) Soneplan for Årdalstangen, vedteken av kommunestyret den 12.05.1987

#### 3) Soneplan for Seimsdalen, vedteken av kommunestyret den 12.05.1987

#### 4) Soneplan for Utladalen, vedteken av kommunestyret den 12.05.1987

#### 5) Soneplan for Fardalen, vedteken av kommunestyret den 12.05.1987

#### 6) Kommunedelplan for Tyedalen, vedteken av kommunestyret den 21.06.2001 i sak 36/01.

### G. Rådmannen justerer plana i samsvar med kommunestyrevedtaket. Justert plan skal leggst fram for formannskapet til orientering før vedtaket vert kunngjort.

## 04.06.2012 FORMANNSKAPET

Rådmannen si tilråding vart røysta over.

Røysting:

Rådmannen si tilråding vart vedteke samrøystes.

### FS-064/12 VEDTAK:

Kommuneplanutvalet rår Årdal kommunestyre til å gjere slikt vedtak:

Kommunestyret vedtek i samsvar med § 11-15 i plan- og bygningslova kommuneplan, alternativ 1, med følgjande justeringar av høyringsutkast, handsama den 30.08.2011 i sak 095/11:

#### **A. Justering av plankartet:**

- 1) Plankart vert namna høvesvis: Plankart 1 av 2 (arealbruk og omsynssoner med unntak av faresoner) og Plankart 2 av 2 (omsynssone fareområde).
- 2) Dei førebelse omsynssonene i høve flaum vert erstatta av nye kart som er utarbeidd av NVE.
- 3) Grense kring grustaket på Moa (Ø5) vert justert i samsvar med reguleringsplan som regulerer tilgrensande areal til landskapsvern og kulturminnevern
- 4) Område for bygg og anlegg – bustad på Årdalstangen og i Farnes vert endra til formålet område for bygg og anlegg. Planføresegn § 2-2 bokstav b vert flytta i samsvar med det som går fram av bokstav B i vedtaket.
- 5) Fiskeområdet midt i Årdalsfjorden vert sett av som kombinert fiske og ferdsel, dvs. kombinert formål i sjø og vassdrag (kode 6800).

#### **B. Justering av planføresegnene:**

- 1) § 1-4, bokstav e, 1. ledd siste setning vert teken ut. Tekst som skal takast ut har slik ordlyd: «*Det vert ikkje kravd søknad for reklameskilt/reklameinnretningar som er mindre enn 0,6 m<sup>2</sup>, montert på flat vegg.*»
- 2) § 2-1, 2. leidd om unntak for krav om reguleringsplan for noverande industriområde vert flytta reformulert og plassert i § 1-2. I § 1-2 vert det teke inn ny andre setning med slik ordlyd: «*Kravet om reguleringsplan gjeld ikkje for noverande næringsverksemdar (industri).*»
- 3) § 2-2 bokstav b som utvidar kva formålet bustad femnar om, vert erstatta med ny føresegn under bokstav a, andre ledd, med slik ordlyd: «*Innanfor område avsett til bygg og anlegg i randområde til sentrumsområde på Årdalstangen og Farnes kan det først opp bustader, etablerast barnehage, undervisningsbygg, helseinstitusjonar, bygg for religiøs utøving og forsamlingslokale.*» Bokstavane for dei vidare føresegnene vert justert.
- 4) § 3-3, 4. ledd vert teken ut.
- 5) § 3-4 får slikt tillegg som siste setning: «*Småbåthamn med flytebrygge skal først opp slik at dei ikkje vert til hinder for bruk av låsettingsplass.*»
- 6) § 3-5 får slikt tillegg som siste setning: «*I sjøområda som i kommuneplana er avsett til låsetting av fisk, har tradisjonelt fiske prioritet framfor andre aktivitetar. Det må ikkje komme installasjonar i låsettingsplassane som kan hindre utøving av fiske.*»
- 7) § 4-2 vert teken ut og § 4-3 vert ny § 4-2.

#### **C. Justering av retningslinjene:**

- 1) Ankringsområde ved Årdalstangen  
Det skal ikkje leggst ut kablar eller liknande som kjem i konflikt med ankringsområdet ved Årdalstangen som synt i fig. 4.1 i planomtala.
- 2) Det er utarbeidd eit eige notat om Naddvik (vedlegg 2) med retningsliner som vert teke inn som retningsliner knytt til spesielt for Naddvik.
- 3) Spreidd utbygging av fritidsbygg kring Torolmen  
Tomt kan ikkje delast frå og nytt fritidsbygg kan ikkje førast opp på byggpunkt med raud firkant innanfor naturtypen som er registrert i Naturbasen til Direktoratet for Naturforvaltning (BN00017627) før det er dokumentert at det ikkje kjem i konflikt med naturkvalitetar.
- 4) Reguleringsmagasin  
Kyrkjevatn, Mannsbergvatn, Nedre Breibotnvatn, Torolmen, Biskopvatn, Krekavatn, Viervatn og Berdalsvatn og Riskallvatn er reguleringsmagasin.

#### **D. Justering i planomtalen:**

- 1) Kap. 1 i planomtala vert supplert med eit avsnitt som klargjer at plana ikkje er avklarande i høve kulturminne, med slik ordlyd: «*Plana er ikkje avklarande i forhold til automatisk freda kulturminne. Det inneber at omsynet til kulturminne må avklarast i samband med utarbeiding av reguleringsplan (område- eller detaljreguleringsplan).*»
- 2) Kap 1 i planomtala vert supplert med eit avsnitt som klargjer at plana ikkje er avklarande i høve jordlova, med slik ordlyd: «*Ved godkjenning av plana vart det gjort særskilt vedtak om at §§ 9 (omdisponering) og 12 (deling) i jordlova gjeld innanfor landbruks-, natur- og friluftsområda for spreidd utbygging av fritidsbygg.*»
- 3) Det er utarbeidd eit eige notat om Naddvik med suppleringsar til planomtalen som vert teke inn som ein del av omtalen knytt til spesielt Naddvik.
- 4) Det vert utarbeidd diagram som viser hovudsambanda på Tangen og i Farnes med utgangspunkt i skissene som er synt i notat Samband og transportsystem.
- 5) Ferdsl og ankring er ikkje eige formål, men det er viktig arealbruk. Det vert teke inn ei omtale i plana om dette tilhøve i sjøområda utanfor tangen med tilhøyrande kartutsnitt.
- 6) Kap. 6.1 vert justert i samsvar med svar frå fylkesmannen etter møtet den 24. mai 2012.

#### **E. §§ 9 og 12 i jordlova**

Kommunestyret gjer i samsvar med § 2, 2 ledd i jordlova §§ 9 (omdisponering) og 12 (deling) i jordlova gjeldande for LNF-områda for spreidd utbygging.

#### **F. Oppheving av soneplaner**

Kommunestyret opphevar i samsvar med § 11-17 i plan- og bygningslova følgjande kommunedelplan/soneplaner:

- 1) Soneplan for Øvre Årdal, vedteken av kommunestyret den 12.05.1987
  - 2) Soneplan for Årdalstangen, vedteken av kommunestyret den 12.05.1987
  - 3) Soneplan for Seimsdalen, vedteken av kommunestyret den 12.05.1987
  - 4) Soneplan for Utladalen, vedteken av kommunestyret den 12.05.1987
  - 5) Soneplan for Fardalen, vedteken av kommunestyret den 12.05.1987
  - 6) Kommunedelplan for Tyedalen, vedteken av kommunestyret den 21.06.2001 i sak 36/01.
- G. Rådmannen justerer plana i samsvar med kommunestyrevedtaket. Justert plan skal leggst fram for formannskapet til orientering før vedtaket vert kunngjort.

## 14.06.2012 KOMMUNESTYRET

Formannskapet si tilråding vart røysta over.

Røysting:

Formannskapet si tilråding vart vedteke samrøystes.

### KS-059/12 VEDTAK:

Kommunestyret vedtek i samsvar med § 11-15 i plan- og bygningslova kommuneplan, alternativ 1, med følgjande justeringar av høyringsutkast, handsama den 30.08.2011 i sak 095/11:

#### **A. Justering av plankartet:**

- 1) Plankart vert namna høvesvis: Plankart 1 av 2 (arealbruk og omsynssoner med unntak av faresoner) og Plankart 2 av 2 (omsynssone fareområde).
- 2) Dei førebelse omsynssonene i høve flaum vert erstatta av nye kart som er utarbeidd av NVE.
- 3) Grense kring grustaket på Moa (Ø5) vert justert i samsvar med reguleringsplan som regulerer tilgrensande areal til landskapsvern og kulturminnevern
- 4) Område for bygg og anlegg – bustad på Årdalstangen og i Farnes vert endra til formålet område for bygg og anlegg. Planføresegn § 2-2 bokstav b vert flytta i samsvar med det som går fram av bokstav B i vedtaket.
- 5) Fiskeområdet midt i Årdalsfjorden vert sett av som kombinert fiske og ferdsel, dvs. kombinert formål i sjø og vassdrag (kode 6800).

#### **B. Justering av planføresegnene:**

- 1) § 1-4, bokstav e, 1. ledd siste setning vert teken ut. Tekst som skal takast ut har slik ordlyd: «*Det vert ikkje kravd søknad for reklameskilt/reklameinnretningar som er mindre enn 0,6 m<sup>2</sup>, montert på flat vegg.*»
- 2) § 2-1, 2. leidd om unntak for krav om reguleringsplan for noverande industriområde vert flytta reformulert og plassert i § 1-2. I § 1-2 vert det teke inn ny andre setning med slik ordlyd: «*Kravet om reguleringsplan gjeld ikkje for noverande næringsverksemdar (industri).*»
- 3) § 2-2 bokstav b som utvidar kva formålet bustad femnar om, vert erstatta med ny føresegn under bokstav a, andre ledd, med slik ordlyd: «*Innanfor område avsett til bygg og anlegg i randområde til sentrumsområde på Årdalstangen og Farnes kan det først opp bustader, etablerast barnehage, undervisningsbygg, helseinstitusjonar, bygg for religiøs utøving og forsamlingslokale.*» Bokstavane for dei vidare føresegnene vert justert.
- 4) § 3-3, 4. ledd vert teken ut.
- 5) § 3-4 får slikt tillegg som siste setning: «*Småbåthamn med flytebrygge skal først opp slik at dei ikkje vert til hinder for bruk av låsettingsplass.*»
- 6) § 3-5 får slikt tillegg som siste setning: «*I sjøområda som i kommuneplana er avsett til låsetting av fisk, har tradisjonelt fiske prioritet framfor andre aktivitetar. Det må ikkje komme installasjonar i låsettingsplassane som kan hindre utøving av fiske.*»
- 7) § 4-2 vert teken ut og § 4-3 vert ny § 4-2.

#### **C. Justering av retningslinjene:**

- 1) Ankringsområde ved Årdalstangen

Det skal ikkje leggst ut kablar eller liknande som kjem i konflikt med ankringsområdet ved Årdalstangen som synt i fig. 4.1 i planomtala.

- 2) Det er utarbeidd eit eige notat om Naddvik (vedlegg 2) med retningsliner som vert teke inn som retningsliner knytt til spesielt for Naddvik.
- 3) Spreidd utbygging av fritidsbygg kring Torolmen  
Tomt kan ikkje delast frå og nytt fritidsbygg kan ikkje førast opp på byggpunkt med raud firkant innanfor naturtypen som er registrert i Naturbasen til Direktoratet for Naturforvaltning (BN00017627) før det er dokumentert at det ikkje kjem i konflikt med naturkvalitetar.
- 4) Reguleringsmagasin  
Kyrkjevatn, Mannsbergvatn, Nedre Breibotnvatn, Torolmen, Biskopvatn, Krekavatn, Viervatn og Berdalsvatn og Riskallvatn er reguleringsmagasin.

#### **D. Justering i planomtalen:**

- 1) Kap. 1 i planomtala vert supplert med eit avsnitt som klargjer at plana ikkje er avklarande i høve kulturminne, med slik ordlyd: «*Plana er ikkje avklarande i forhold til automatisk freda kulturminne. Det inneber at omsynet til kulturminne må avklarast i samband med utarbeiding av reguleringsplan (område- eller detaljreguleringsplan).*»
- 2) Kap 1 i planomtala vert supplert med eit avsnitt som klargjer at plana ikkje er avklarande i høve jordlova, med slik ordlyd: «*Ved godkjenning av plana vart det gjort særskilt vedtak om at §§ 9 (omdisponering) og 12 (deling) i jordlova gjeld innanfor landbruks-, natur- og friluftsområda for spreidd utbygging av fritidsbygg.*»
- 3) Det er utarbeidd eit eige notat om Naddvik med suppleringsar til planomtalen som vert teke inn som ein del av omtalen knytt til spesielt Naddvik.
- 4) Det vert utarbeidd diagram som viser hovudsambanda på Tangen og i Farnes med utgangspunkkt i skissene som er synt i notat Samband og transportsystem.
- 5) Ferdsel og ankring er ikkje eige formål, men det er viktig arealbruk. Det vert teke inn ei omtale i plana om dette tilhøve i sjøområda utanfor tangen med tilhøyrande kartutsnitt.
- 6) Kap. 6.1 vert justert i samsvar med svar frå fylkesmannen etter møtet den 24. mai 2012.

#### **E. §§ 9 og 12 i jordlova**

Kommunestyret gjer i samsvar med § 2, 2 ledd i jordlova §§ 9 (omdisponering) og 12 (deling) i jordlova gjeldande for LNF-områda for spreidd utbygging.

#### **F. Oppheving av soneplaner**

Kommunestyret opphevar i samsvar med § 11-17 i plan- og bygningslova følgjande kommunedelplan/soneplaner:

- 1) Soneplan for Øvre Årdal, vedteken av kommunestyret den 12.05.1987
- 2) Soneplan for Årdalstangen, vedteken av kommunestyret den 12.05.1987
- 3) Soneplan for Seimsdalen, vedteken av kommunestyret den 12.05.1987
- 4) Soneplan for Utladalen, vedteken av kommunestyret den 12.05.1987
- 5) Soneplan for Fardalen, vedteken av kommunestyret den 12.05.1987
- 6) Kommunedelplan for Tyedal, vedteken av kommunestyret den 21.06.2001 i sak 36/01.

G. Rådmannen justerer plana i samsvar med kommunestyrevedtaket. Justert plan skal leggest fram for formannskapet til orientering før vedtaket vert kunngjort.

#### **Vedlegg:**

Plankart med føresegner, planomtale og KU (Utsendt før politiske møter i desember 2011).

## **Ikkje utskrivne vedlegg:**

Mottekne merknader (Utsendt til styringsgruppa etter møtet den 7. februar 2012).  
Notat 1, Suppleringar i planomtalen for Årdalstangen og Øvre Årdal, vert ettersendt.  
Notat 2, Suppleringar i planomtalen for Naddvik/Vikadalen, datert x vert ettersendt.  
Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, Miljøvernavdelinga, datert x vert ettersendt.

## **Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.**

Plan- og bygningslova med tilhøyrande forskrift om konsekvensutgreiingar  
Naturmangfaldslova  
Jordlova

## **Saksutgreiing**

Saka gjeld slutthandsaming av kommuneplan for Årdal kommunen i samsvar med § 11-15 i plan- og bygningslova.

Gjennom slutthandsaminga er følgjande vurdert:

1. Merknader som er direkte knytt til den endra arealbruken/dei endra strategiane i kommuneplana.
2. Korleis dei miljørettslege prinsippa (§§ 8 -12) i naturmangfaldslova er ivareteke i kommuneplana.
3. Om utgreiingsplikta i føresegnene om konsekvensutgreiingar og fastsett planprogram er oppfylt i samsvar med § 12 i forskrifta om konsekvensutgreiingar.
4. Trong for avbøtande tiltak og trong for klargjering av tilhøve som skal avklarast/vidare vurderast i detaljplanarbeid i samsvar med § 12 i forskrifta om konsekvensutgreiingar.
5. Oppheving av soneplanane for Øvre Årdal, Årdalstangen, Seimsdalen, Utladalen og Fardalen
6. Oppheving av kommunedelplan for Naddvik og Tyedalen
7. Om §§ 9 (omdisponering) og 12 (deling) i jordlova skal gjerast gjeldande for LNF-områda for spreidd utbygging.

Planframlegget er utarbeidd med utgangspunkt i fastsett planprogram. Gjennom planarbeidet er arealbruken i vedtekne delplaner og soneplaner samla i ein overordna kommuneplan. Hovudfokuset for planarbeidet har vore klargjering av utviklingsstrategiar og vurdering av alternative utviklingsalternativ. Det er lagt inn få nye areal. Samtidig har det vore eit mål å vidareføre fleksibiliteten i soneplanane samtidig som føringar i nasjonal og regional arealpolitikk vert ivareteke i plana. For nærmare gjennomgang av oppbygging av plana og innhaldet - vert det synt til sak om utlegging av plana til offentleg ettersyn (sak 095/95).

Planframlegget låg ute til offentleg ettersyn i perioden 15. oktober til 30. desember 2011.

I samband med offentleg ettersyn vart det gjennomført ope flokemøte om planarbeidet den 9. november 2011. Den 10. november vart det gjennomført open informasjonsdag om planarbeidet med områdevisse møter. Oppmøtet var varierende.

På det opne folkemøtet den 9. november møtte det kring 20 personar. Innspela på møtet var hovudsakleg knytt til utviklinga i Vikadalen/Naddvik, samt manglande oppfølging i høve utmark, vassdrag og Mannsbergi.

Opn informasjonsdag:

- Naddvik/Vikadalen: 4 personar møtte. Innbyggjarane er opptekne av at kommunen har ei bevist haldning til utviklinga, det vart stilt spørsmål i høve kor tålegrensa i Vikadalen går



før karakteren vert endra og jordvernet må prioriterast. Samtidig viste drøftingane at det i området er usemje om korleis området bør vidareutviklast. Innbyggjarane ønskjer eit møte med kommunen for gjennomgang av plana når den er til slutthandsaming.

- Fardalen og Tyedalen: Ingen møte.
- Øvre Årdal og Utladalen: Ingen møte.
- Årdalstangen og Seimsdalen: 12 personar møtte. Dei var mest opptekne av informasjon om innhaldet i plana. Det vart sett fram ønskje om at kommunen jobba for å betre sambandet til Seimsdalen, samt at gangsamband vart utbetra.

Kommunen har motteke vel 20 merknader til planframlegget som låg ute til offentleg ettersyn. Merknadene er kort oppsummert nedanfor. Det vert synt til dokumenta i saka for nærmare gjennomgang av merknadene.

Den 26. april mottok kommunen telefon frå Trond Øyen Einemo (MetoPro AS) vedr. ønskje om utviding av Holebyen i Naddvik. Kommunen har ikkje registrert å motteke merknad om utvidinga, men vart gjennom oppstartmøte i samband med ønskje om endring av plana i juni 2011 orientert om ønskje. Det ligg føre referat frå oppstartmøte. Sakshandsamar har vore kjend med ønskje til Einemo og spørsmålet har vore drøfta av styringsgruppa i fleire arbeidsmøte, bl.a i samband med at merknad frå Vee vart drøfta. Styringsgruppa har i for utviklinga i Naddvik halde fast på prioriteringa i fastsett planprogram.

Miljøvernavingdelinga hjå fylkesmannen i Sogn og Fjordane har sett fram 2 **motsegner** til planframlegget.

**Motsegner** knytt til:

1. 3 avgrensa områder for fritidsbygg på Seimsåsen, og
2. dei viste byggpunkta for fritidsbygg i Tyedalen.

Begge motsegnene er knytt til arealbruk som er direkte vidareført frå vedtekne planer (Soneplanen for Seimsåsen og Kommunedelplanen for Tyedalen).

Den 10. januar vart det gjennomførte møte med fylkesmannen i Sogn og Fjordane. I møtet vart motsegnene gjennomgått. Formålet med møtet var å drøfte løysingar som innebar at fylkesmannen kan trekkje motsegnene til planframlegget. I brev av 20. januar 2012 fekk kommunen tilbakemelding om at Miljøvernavingdelinga delvis trekkjer motsegna i Tydalen, medan dei fullt ut held fast på motsegna til dei 3 områda for fritidsbygg på Seimsåsen.

Etter møtet i januar har det ved fleire høve vore kontakt mellom Miljøvernavingdelinga og kommunen. Nytt møte vart gjennomført den 24. mai.

I møtet trekte Miljøvernavingdelinga motsegnene med slike justeringar

1. Tyedalen:  
Det vert teke inn ei retningslinje med føringar for byggesakshandsaminga som stiller «krav» om at det ved søknad om deling eller bygging skal dokumenterast at tiltak ikkje kjem i konflikt med naturkvalitetar
2. Seimsåsen:  
I høve arealbruken og strategien på Seimsåsen er det semje mellom fylkesmannen og kommunen om at motsegn fyrst kan vurderast ved utarbeiding av meir detaljert plan. I planomtalen til kommuneplana skal det gå tydeleg fram at det skal utarbeidast områdeplan som kommunen tek på seg ansvaret for å organisere og starte. Før planarbeidet vert starta er det trong for å betre kunnskapsgrunnlaget. Det er føresett at fagkunnig vurderer området på nytt.

### Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

I oppsummeringa til fylkesmannen vert det synt til at kommunen har gjennomført eit grundig og omfattande planarbeid. Plana med tilhøyrande KU er oversiktleg og gjennomarbeidd. Det er gjort greie for konsekvensar i høve enkeltområder, samla og for utviklingsstrategiar.

**Motsegner** sett fram av *Miljøvernavdelinga*:

1. Seimsåsen; 3 sørlege hytteområda, pga. at det kjem i konflikt med naturtypelokalitet som er klassifisert som nasjonalt/regionalt viktig (gamal barskog).
2. Byggpunkta i byggeområda og LNF-områda ved Torolmen

*Beredskapsavdelinga* har ikkje avgjerande merknader til ROS-analysen som følgjer plana, men dei rår til at kommunen tek kontakt med DSB for å få nærmare vurdert om det er trong for omsynssone i høve verksemdsbassert risiko. I tillegg rår dei til at kommunen tek inn verksemdsrisiko som funn for generell oppfølging i kap. 8.5 i konsekvensutgreiinga.

*Landbruksavdelinga* rår til at det vert teke inn i plana ei rekkjefølgjeføresegn for bustadområdet T4 (Lysa) og Ø12 (Moa) som klargjer at desse er dei siste områda som skal byggjast ut. I tillegg rår dei til at det vert stilt krav om høg grad av utnytting, dvs. 2 – 3 bueiningar pr daa bruttoareal.

Planjuss:

- § 1-4 bokstav e, med krav til handsaming av reklameskilt. Kommunen har ikkje heimel til å stille strengare krav til utforming enn det som går fram av sakshandsamingsforskrifta. Alternativa er å regulere storleiken eller utforminga av reklameskilt.
- **§ 2-1 andre ledd om unntak for krav om reguleringsplan for noverande industriområde. § 11-10 nr. 1 i plan- og bygningslova gjev ikkje heimel for dette unntaket.**
- § 2-2 bokstav b utvidar kva formålet bustad femnar om. Dette gjev ikkje føresegnene i plan- og bygningslova heimel til.
- § 3-1, andre ledd, fyrste og andre punktum gjeld generelt forbod frå byggjeforbodet langs vassdrag. Føresegna har ikkje heimel i lov og må takast ut.
- § 3-3 fjerde ledd inneheld generell grense for vidare utbygging på noverande bustad og fritidstomt. Føresegna har ikkje heimel i lov og må enten takast ut eller re-fomulerast som ei retningslinje for dispensasjon.
- § 4-2 har ikkje heimel i lov og må tolkast som ei retningslinje.

*Møte med fylkesmannen den 10. januar 2012.*

Miljøvernavdelinga finn ikkje at strategien i planframlegget med vidareføring av noverande arealbruk definert som utviklingsområde i kombinasjon med omsynssone ivaretek omsynet til registrert naturtype. Dessutan tryggar det ikkje naturkvalitetane på ein tilfredstillande måte. Dei held fast på motsegna. Områda for fritidsbygg på Seimsåsen må takast ut for at fylkesmannen skal trekke motsegna.

Fylkesmanne **trekkjer motsegna** til byggpunkta i byggeområda i Tyedalen og byggpunkta som syner dei noverande fritidsbygga i LNF-område for fritidsbygg. Miljøvernavdelinga **held fast på motsegna** for dei vidareførte, men ikkje utbygde byggpunkta (raud firkant) i LNF-områda for spreidd utbygging.

Miljøvernavdelinga rår til at følgjande vert teke inn i føresegnene som presisering:

1. LNF-området for spreidd utbygging av hytter med byggpunkt er ei vidareføring av arealbruken i revidert kommuneplan for Tyedalen frå 2002.

2. Byggpunkta som er markert på plankartet er uttømmende og angir talet på nye hytter (raud firkant) som kan byggast innanfor LNF-området for spreidd bygging av hytter, og kor det kan opnast for utviding av eksisterande.

Unntaket frå plankravet for noverande næringsverksemder i planframlegget ligg utanfor kompetansen som plan- og bygningslova gjev kommunen. Dei rår til at næringsverksemd vert teken ut av oppstillinga, eller at unntaket vert presisert og/eller avgrensa i planføresegnene.

#### Fiskeridirektoratet, Region Vest

Fiskeridirektoratet region vest fekk ikkje framlegget til planprogram på høyring. Dei har ikkje motsegn til plana, dersom følgjande føresegner vert teke inn:

1. Til § 3-4 Bruk og vern av sjø og vassdrag – småbåthamn  
«småbåthamn med flytebrygger skal først opp slik at dei ikkje vert til hinder for bruk av låssettingsplassen»
2. Til § 3-5 Bruk og vern av sjø og vassdrag – småbåthamn  
«I sjøområda som i kommuneplanen er avsett til låsetting av fisk, har tradisjonelt fiske prioritet framfor andre aktivitetar. Det må ikkje komme installasjonar i låssettingsplassane som kan hindre utøving av fiske»

#### Kystverket, vest

Kystverket er eit forvaltningsorgan under Fiskeri- og kystdepartementet, og har det faglege ansvaret for sikker sjøtrafikk og framkomme i norske farvatn og hamner.

Kystverket oppmodar til at det vert gjort følgjande endringar:

1. Fiskeområdet midt i Årdalsfjorden vert sett av som kombinert fiske og ferdsel.
2. Kystverket har kartlagt ankringsområde. Det er viktig at det ikkje vert lagt ut kablar eller leidningar som kjem i konflikt med ankringsområdet ved Årdalstangen (avgrensinga går fram av merknaden til Kystverket). Dei oppmodar kommunen til å sette av ankringsområdet til *ferdsel og ankringsområde*.

#### Noregs vassdrags- og energidirektorat

Det vert synt til ROS-analyse som kommunen har utarbeidd. Innanfor NVE sitt ansvarsområde er skred, flaum og skredgenererte flodbølger vurdert som aktuelle hendingar.

Til plana er det utarbeidd 2 paralelle kart, der det eine syner arealbruk medan det andre syner omsynssoner – fareområder. Det vert føreslått at desse karta vert namna, t.d. «Plankart 1 av 2».

I omsynssonene for skredfare vert det synt til at det er lagt til grunn aktsemdskartet for snøskred. Det «gamle» stein- og snøskredkartet bør leggest til grunn i dei områda der det ligg føre, då dei gjev eit betre grunnlag for avgrensing av omsynssone.

Omsynssone i høve flaum er lagt inn med utgangspunkt i eit førebels flaumsonekart. Endeleg kart vert no utarbeidd, og omsynssonene som dette syner, bør leggest inn i samband med slutthandsaminga av plana. I tillegg bør det opnast for at området kan tryggast gjennom heving av byggegrunnen.

Dei er nøgde med byggjeforbodsona langs vassdrag på 25 meter utanfor tettbygde strøk. Det vil i dei fleste tilfelle vere tilfredsstillande avstand til bekkar. I sentrumsområde og næringsområde er byggjeforbodssona sett til 5 meter. Dette kan vere knapt. Årdal bør vurdere å innarbeide ei generell føresegn med krav om vurdering av flaumfaren særskilt i desse områda for å ivareta omsynet til tryggleik.

I høve allmenn ferdsel er NVE nøgd med det generelle byggjeforbodet på 100 meter. Det generelle byggeforbodet for landbruksbygg bør ikkje gjerast generelt. Det bør stillast krav om at det vert dokumentert at det er naudsynt å plassere bygget innanfor byggeforbodssona til vassdrag.

I retningslinjene til plana bør det innarbeidast eit punkt som klargjer at rikspolitiske retningslinjer for verna vassdrag skal leggjast til grunn i forvaltninga av areal areala innanfor desse nedslagsfelta.

Kyrkjevatn, Mannsbergvatn, Nedre Breibotvatn, Torolmen, Biskopvatn, Krekavatn, Viervatn og Berdalsvatn og Riskallvatn er reguleringsmagasin som bør synast som omsynssone/område som er bandlagt etter vassdragslovverket (utan tidsavgrensing) med føremål «Reguleringsmagasin».

#### Direktoratet for mineralforvaltning

Direktoratet viser til at byggeråstoff ikkje har vore tema for dette planarbeidet, samtidig vert det synt til at kommunen har trong for oversikt over tilgang på slike ressursar lokalt, slik at dei ikkje vert teke i bruk til anna formål.

Dei opplyser og at frå 1. januar 2010 skal alle uttak med eit samla uttaksvolum på meir enn 10.000 m<sup>3</sup> massar og eit kvart uttak av naturstein ha driftskonsesjon med godkjend driftsplan.

#### Forsvarsbygg

Forsvaret opplyser at dei (Heimevernet) har bruksrett til anlegget på Loi.

#### Sogn og Fjordane fylkeskommune

Det vert synt til at kommunen har gjennomført ein planprosess med kommunal planstrategi, stadanalyse, samfunnsdelen av kommuneplanen og no arealdel av kommuneplanen. Hovudspørsmåla har vore knytt til tettstadutvikling, næringsutvikling og bustadbygging. Planframlegget er utvikla med utgangspunkt i alternative utviklingsstrategiar som er definert i fastsett planprogram.

Planframlegget har vore presentert og drøfta i planforum. Prosessen har ikkje avdekt at planframlegget reiser vesentlege arealkonfliktar.

Den naturbaserte sårbarheita er omtalt, og det er gjeve eit oversyn over føreliggjande informasjon. Fylkeskommunen peikar på at det vil vere samfunnsøkonomisk fornuftig å gjennomføre eit større sikringsprosjekt både for Øvre Årdal og deler av Årdalstangen som kvalitetssikrar eksisterande tryggleikstiltak og kartlegg trongen for nye tiltak. Kartlegging og vurdering i høve ras/skred vil vere med å gjere vidare utvikling føreseieleg. Fylkeskommunen oppmodar staten ved NVE til å vere med både fagleg og økonomisk.

Kommunen støttar den tilrådd strategi for sentrumsutvikling på Årdalstangen og Øvre Årdal. Samtidig vert det opplyst at kommunen kan søke fagleg og økonomisk medverknad frå fylkeskommunen i det vidare arbeidet med tettstad-/sentrumsutvikling.

Kulturminneforvaltninga syner til at:

1. Grensa for grustaket på Moa – Grustak (Ø5) går ut over plangrensa for reguleringsplan regulert til landskapsvernområde og kulturminnevern. Grensa forventar dei vert justert i samsvar med vedteken plan.

2. Registreringsplikta i kulturminnelova er ikkje ivareteke før det er avklart om det må gjennomførast registreringar og registreringar er gjennomført. Arealbruken i kommuneplanen er difor ikkje å sjå på som avklart i høve kulturminne.
3. Riksantikvaren ønskjer å betre kommunane sin kulturminnefaglege kompetanse og oversikta over eigne kulturminne. Målet er at dette skal bidra til betre samhandling på tvers av forvaltningsnivå. Kommunen vert difor oppmoda til å utarbeide ei eiga kulturminneplan. Riksantikvaren har ei eiga tilskotsordning for registrering og utarbeiding av slik plan. Fylkeskommunen bidreg med rettleiing.

Fylkeskommunen rosar kommunen for å ha teke opp utfordringane i høve plangjennomføring i kommuneplana.

Dei sluttar seg til vurderingane som er gjort i høve avbøtande tiltak og oppfølgjande granskningar som er føresett gjennomført i oppfølgjande planprosessar.

#### Felles Landbrukskontor

Felles Landbrukskontor opplyser at dei vart involvert i planarbeidet på eit seint tidspunkt. Fokuset i plana er utbygging. Utfordringane i høve landbruk, jordvern, kulturlandskap, landskapsverknader generelt, vilt og fisk er lite omtalt.

Dei saknar synleggjering av områda landbruk og kulturlandskap i samsvar med det som går fram av den vedtekte kommunale planstrategien. Dei saknar ein omtale av grøntareal og innmarksareal, samt kva haldning kommunen har i høve jordvern og sentrumsnære landbruksareal.

I høve jordvern er det positivt at det ikkje er opna for nye byggeområde i Seimsdalen og Naddvik.

Landbrukskontoret støttar og rår til at fortettingsstrategien vert valt som vidare utviklingsstrategi i sentrums- og tettstadsområda.

Landbruk hadde ønska at konsekvensane for landbruk hadde kome tydelegare fram av plana. Dette gjeld spesielt i høve dei framtidige/nye byggeområda T4, T5, Ø10 og Ø12. Landbrukskontoret ber difor om at §§ 9 og 12 vert gjort gjeldande for desse områda.

Landbrukskontoret ber om følgjande endringar:

- §§ 9 og 12 i jordlova må gjerast generelt gjeldande for LNF-område, LNF-område for spreidd utbygging samt byggeområda T4, T5; Ø10 og Ø12.
- Det må stillast krav om høg grad av utnytting i framtidige byggområde.
- Det må vurderast om utbygging skal styrast i rekkjefølgjer. Områda T4 og Ø12 bør vere dei siste områda som vert bygd ut.
- Det bør vurderast retningsliner for vidare utbygging i t.d. Naddvik.

#### Den Norske Kyrkja, Årdal kyrkjelege fellesråd

Situasjonen med omsyn til ledige graver er ikkje prekær, men innanfor eit 10-års perspektiv bør det leggjast konkrete planar for nytt areal til graver i Øvre Årdal.

I 2012 trer det i kraft endringar i gravferdslova som krev at kyrkjeleg fellesråd har ledige graver for trus- og livssynssamfunn som er aktive lokalt. Alternativt kan det inngåast avtale med andre kommunar om kjøp.

#### Villreinnemnda for Sogn og Fjordane

Villreinnemnda har ikkje kome med uttale til planframlegget. Sakshandsamar har vore i kontakt med sekretær i nemnda. Dersom det vert gjort endringar i eller ved villreinområdet ønskjer nemnda å verte orientert/involvert. Dette gjeld spesielt i høve mogelege endringar på Seimsåsen eller i Tyedalen.

#### Årdal bondelag

Årdal bondelag peikar på at det er positivt at kommunen ønskjer å stimulere til utvikling av eksisterande drift, utnytting av naturressursane og vidareutvikle reiselivsproduktet.

Samtidig ber dei kommunen følgje opp det overordna nasjonale målet om å avgrense nedbygging av dyrka og dyrkbar mark. Dei syner i den samanheng til at dette er spesielt viktig for Årdal med avgrensa tilgang på dyrka og dyrkbar mark. I uttala vert det spesielt synt til at areal er omdisponert utan at det er drøfta i høve jordvern. Dei ber om at konsekvensane i høve jordvern kjem fram av plana og vert vurdert opp mot målet om å avgrense nedbygginga av dyrka mark. Vidare ber dei om at kommunen jobbar aktivt for at mest mogeleg av dyrka mark vert halde i aktiv drift. Spreidd utbygging i grendene må ikkje føre til nedbygging av dyrka mark eller vanskelegare driftstilhøve. Samfunnsutviklinga bør skje utan at det går på bekostning av dyrka mark og verdfullt kulturlandskap. I tettstadene bør det leggest opp til høg utnytting. I tillegg bør jordvern settast på dagsorden i den løpande handsaminga i kommunen.

#### Naddvik Sankelag

Sankelaget er ein organisasjon for gardsbruka i Vikadalen som driv med sau. Bruka har samla 350 vinterfora dyr og leverer 10 – 12.000 kg sauekjøt årleg. Jordbruk er einaste verksemda med arbeidsplassar i Vikadalen.

I uttala vert det synt til både landskapsanalysen og kommunedelplan for Vikadalen som vart utarbeidd og vedteken på 1990-talet. I uttala vert det peika på både kvalitetar i området og utfordringar som ein står overfor i ei bygd med eit aktivt landbruk og ønskje om forsiktig bustadbygging. Samtidig vert det synt til både utvikling og nye trendar med fokus på utnytting av utmarksressursane og reiselivssatsinga. Strategien i Vikadalen er i samsvar med dei nasjonale satsingsområda som er definert for landbruket.

Dei legg til grunn at arealbruken i kommuneplanen er vidareført i kommuneplanen. I tillegg føreset sankelaget at dette vert tydeleggjort i plana - slik at den vert eit klart og eintydig forvaltningsverktøy.

#### Årdal båtforening

Båtforeninga ønskjer å trekkje det meste av småbåttaktiviteten mot sentrum. På Tangen bør det utviklast eit maritimt miljø. Dette kan gjerast gjennom å legge til rette for gjestehamn der meierihamna er i dag.

#### Årdal Turlag, Årdal Jeger og Fiskeforeining, Stiftinga Avdal Gard, Stiftinga Nundalen og Årdal Sogelag

Organisasjonane som står bak merknaden ber spesielt om at:

1. Urørte vassdrag/vassdragsnatur må sikrast i plana, slik at det er tilgang på vassdrag som ikkje er regulert. Dette meiner dei kan sikrast ved å avsette omsynssoner i plana.
2. Skiferbrotet i Mansbergi vert tilbakeført til LNF-område. Bakgrunnen er lokaliseringa ved innfallsporten til store naturområder, samt konsekvensane av tiltaket i høve natur, miljø og friluftsliv. Dei saknar ei konsekvensvurdering av dette arealet.
3. Kulturminne og betydninga/verdien av kulturminne burde vore langt betre synleggjort i plana. Fleira av anlegga som kommunen har «ansvaret» for vert spesielt nemnt i merknaden.

4. Dei ønskjer at plana hadde vore meir konkret i høve turistutvikling og vidare tilrettelegging. 1000 meteren, parkering på Hjella og skilting av kulturminne vert trekt fram som konkrete tiltak.

Merknaden er omfattande og inneheld mykje informasjon. Det vert synt til sjølve merknaden for meir informasjon om framlegga og betydninga av urørte vassdrag, natur, kulturminne/-miljø og reiseliv.

#### Seimsdalen Ungdomslag

Det må takast omsyn til deponi av tunnelmassar ved tiltak i Seimsdalstunnelen, og uttekne massar må verte nytta.

Stikkveg mellom Øvre Seim og Haugahaugen i Seimsdalen bør gjerast om til køyreveg slik at den kan nyttast av/for ringbuss.

#### Nedre Årdal Arbeiderpartilag

Parkering på Årdalstangen er ei utfordring. Det vert foreslått løysing med parkering i 2 plan ved porten til Hydro. Parkeringsrestriksjonar bør vurderast (avgiftsparkering). I tillegg vert det foreslått langtidsparkering ved meieribygget.

Parkareala kan utvidast ved å fylla att småbåthamna. Massar frå strossing av Seimsdalstunnelen kan nyttast til utfylling dersom desse tiltaka vert koordinert. Ny gjestehamn kan etablerast på utsida.

I tillegg ber partilaget om at det vert sett på bruken av festplassen på Årdalstangen og spesielt om dette arealet kan vere eigna til bustadføremål.

#### Årdal eldreråd

Eldrerådet ber om at kommunen finn plass til landingsplass for helikopter.

#### Klingenberg hotel

Hotellet er oppteken av høg standard på omgjevnadane. Alternativ 1, med fortetting av sentrum er det mest interessante for hotellet og reiselivsutviklinga i sentrum.

Det vert synt til illustrasjonane i plana som syner ei oppmjuking av heile sjøfronten med reduksjon av talet på synlege parkeringsplassar og prioritering av mjuke trafikantar.

Ideen med basseng i avslutninga av Torget, eit signalbygg framfor Tangen Pensjonat og ei blokk i forlenginga av Meierigata. Blokk i forlenging av Meierigata vil øydelegge utsynet over fjorden frå noverande hotell. Klingenberg Hotel har eit ønskje om at Meieriparken også i framtida skal vere konsertarena, samtidig som den på sikt vert vidareutvikla og tilrettelagt for både årdølar og tilreisande. Dei er i tillegg spørjande til kva som er formålet med signalbygget, kva det skal signalisere og kvifor?

Klingenberg Hotel vil vere ein reell aktør i høve utviklinga langs fjorden i sentrum. For dei er det viktig å få eit utviklingsareal som heng saman med torget og fjorden, parken og vegnettet med høge mål om estetikk.

#### Natvik gard

Bjørkum og Benjaminsen har komme med ei oversiktleg og ryddig oversikt over situasjonen og utfordringane i Vikadalen.

- Historikk – landskapsanalyse: I 1995 vart det teke initiativ til å få utarbeidd ei landskapsanalyse som skulle vere grunnlaget for utviklinga i Vikadalen. Bakgrunnen var ønskje om å legge til rette for ei varsam utvikling der det vart teke omsyn til registrerte kvalitetar i bygda. Føresetnadene for analyse og planarbeidet var at utviklinga skulle skje på staden sine premisser, samtidig som ny bruk ikkje skulle stå i vegen for å ta vare på kvalitetane i dalen. Samtidig var det føresett at utviklinga ikkje skulle gå for raskt med for mange hus om gangen. Plan og analysearbeidet vart gjennomført med stor grad av brukarmedverknad.  
I åra etter at analysen vart utarbeidd er mange utbyggingstiltak gjennomført i Vikadalen. Eit fleirtal av tiltaka har vore dispensasjonar frå kommuneplana og reguleringsplanar. Dette femnar om dispensasjonar for bustader/garasjebygg, avstandskrav og formål. Dei føreset at kommunen tar ei aktiv rettleirarrolle og ansvar for at saker vert vurdert i høve bruk, vern og heilskapen i bygda.
- Planprogram, arealplankart og føresegner: Det vert synt til framlegget til planprogram, der det går fram at plana i Vikadalen skal vidareførast. Resultatet er ei plan med meir generelle føresegner. Plankartet er i ein målestokk der det er uråd å sjå grensene mellom dei ulike arealbruksformåla. Kosekvensen er at plana skapar uvisse i forhold til om intensjonane i kommuneplana er direkte vidareført. Dette føreset dei at det vert rydda opp i.
- Jordbruk: I kommuneplana er kvalitetane i Vikadalen omtalt og betydninga som området har i kommunen skildra. Dei driv gard og har dei seinare åra auka dyrehaldet. Planarbeid for ny driftsbygning er starta. I tillegg jobbar dei med å utvikle fleire driftsgreiner på garden som femnar om tradisjonelt jordbruksdrift, utnytting av utmarksressursane, småskala reiselivsutvikling m.m.  
Vidareutvikling av jordbruket i Vikadalen føreset at dei fysiske rammevilkåra er til stades. For å sikre næringa bør det ikkje leggest ut nye utbyggingsareal på jordbruksareal.
- Industri: Det er sett av eit industriområde i gjeldande kommuneplan. Dette er lokalisert på eit massedeponi frå Nyset-Stedje kraftutbygginga. Området er eit sentralt beiteområde for sau vår og haust. Dette arealet vil få auka verdi som beiteareal og evt. slåtteeareal. Det kan vere utfordrande å kombinere bruken av området som landbruksareal, innfallsport til fjellet og området til industriføremål. I føresegnene til gjeldande plan går det fram at det ved utforming av industriområdet skal takast omsyn til at det ligg ved innfallsporten til fjellet. Dei føreset at området ikkje vert teke i bruk til industriformål så lenge sauehald er ei driftsgrein på garden.
- Aktivitet ved fjorden: I gjeldande plan er det i delvis utbygd del av strandsona gjeve rom for ei forsiktig utvikling av arealet med opprusting av eksisterande og forsiktig «fortetting». Omtala i planen og landskapsanalysen peikar i retning av bruk av dette arealet til sokalla «Landbruk Pluss», dvs. tilleggsnæringar som ikkje naturleg fell innanfor det tradisjonelle landbruksomgrepet. Typiske tiltak er utleigeeiningar. Det er ikkje krav om plan før tiltak vert gjennomført. Det er starta opp arbeid med slik tiltak i Vikadalen. Planarbeidet femnar om det eksisterande miljøet med Storekaien som har ein eksisterande bygningsstruktur knytt til sjøen (sag, kassefabrikk, naust, kai). Utviklingsplanen er grundig omtalt i merknaden, og det vert vist til den for nærmare gjennomgang. Ei hovudutfordring vert å finne fram til rett formål samt innarbeide krav som gjer at planane let seg gjennomføre.
- Fjorden: Dei nære sjøområda til strandlinja er avsett til fiske. Dei ønskjer nærmare informasjon om formålet og konsekvensane av arealbruken.
- Utmarksressursane: Utnytting av utmarksressursane som femnar om jakt-, fiske- og friluftsliv- og reiseliv er for eigeidommen eit satsingsområde. Dette er i samsvar med formuleringa i kommuneplanen. Dei legg til grunn at arealbruken i kommuneplanen byggjer opp om dette utviklingsmålet for landbruket i kommuneplanen.



Dei ber om eit drøftingsmøte etter høyringsrunda om temaet fjordføremål, utnytting av utmarksressursane og aktivitet ved fjorden/sjøretta verksemd.

Bygdatun jordbruk: Det vert synt til at den idylliske husmansnsplassen Idaplassen, med det kringliggande kulturlandskapet er eit viktig område i bygda si utviklingshistorie samtidig som den representerer ein sentral del av landbrukshistoria. Tilstanden på plassen er dårlegare i dag enn når den vart bandlagt i gjeldande kommunedelplan. Tiltak må gjennomførast for å ta vare på plassen og kulturlandskapet. Dei ber om at kommunen held på føreslått formål og bidreg til husmansplassen vert sikra.

#### Markus Vikøren

I merknaden vert det sett fram følgjande ønskje om endringar:

- Utviding av småbåthamn (få konkretisert ønskje??)
- Tilrettelegging for bustadbygging i Saltvika for eldre.
- Utviding av Meieriparken ut i sjøen.
- Oppfylling av småbåthamna og etablering av ny større småbåthamn.

#### Sipke Paulides

Forslag til tiltak i Seimsdalen:

- Forbetring av trafikksituasjonen med fortau langs Fv 303 frå sjukeheimen til Offerdalskrysset og mellom Seimshaugane og Haugajordet samt utbetring av Offerdalskrysset.
- Etablering av fortau/gang- og sykkelveg gjennom Seimsdalstunnelen i kombinasjon med utviding av tunnelverrsnittet.
- Oppgradere leikeareal og tilrettelegge for nye uteopphalds- og aktivitetsareal i strandsona.
- Hytteområde i Seimsdalen femnar om ei blanding av bygg som vert nytta som fritidsbustad og bustad. Det vert foreslått at arealbruken vert endra til bustad for å legge til rette for vidare bustadbygging i område som ligg ved landbruksareal.
- På Kletten i Seimsdalen er det både fritidsbygg (hytter) og sel. I diskusjonane kring kraftutbygging i Seimsdalen (perioden 2006 – 2008) kom det fram at det på Kletten er regulert område for fritidsbygg.

#### Mary Helene Moe

Moe er eigar av garden Lykkja i Utladalen (gnr 11, bnr 5). I merknaden vert det synt til at Moe ønskjer at arealbruken vert endra til bustad/industri. Dette gjeld heile det viste arealet som er synt på plankartet (ca 45 daa). Bakgrunnen er at dei meiner eigedommen ikkje har potensiale som jordbruksområde eller friluftsområde. I merknaden vert det opplyst at bygningsmassen er dårleg. Moe er positiv til at føremålet vert endra til industri, men ber samtidig om at det også vert opna for bruk av arealet til bustadformål.

#### Reidar og Karin Hovland

Dei ber om deira eigedommar vert endra tilbake til LNF-område. I kommuneplanen for Naddvik er dette arealet sett av til bustader.

#### **Økonomiske konsekvensar**

Dei økonomiske konsekvensane av plana vil vere avhengig av korleis kommunen vel å følgje opp plana med vidare detaljplanlegging og strategisk bruk av virkemiddel. Dette er tema for nærmare drøfting ved revisjon av den kommunale planstrategien til kommunen.

#### **Vurdering**

Kommunen har motteke mykje nyttig informasjon i dei mottekne merknadane. Mange av merknadene er ikkje knytt til dei spørsmåla som har vore gjenstand for planvurdering

gjennom dette planarbeidet. Merknadane vil likevel vere nyttige for kommunen i arbeidet med å førebu framtidige plan- og tiltakssaker.

Merknadane frå Forsvarsbygg, Direktoratet for mineralforvaltning og Årdal bondelag inneheld nytting informasjon, synspunkt som ikkje er direkte knytt til den endra arealbruken.

Mange av merknadane er knytt til spørsmål som kan takast opp i framtidige plan- og utviklingsarbeid. Kor tid og om desse spørsmåla vert tekne opp vil vere avhengig av kva prioriteringar og vegval som vert gjort gjennom den kommunale planstrategien til kommunen. Dette gjeld t.d. urørt vassdrag, råstoffutvinning på Mannsbergi, registrering og utarbeiding av kulturminneplan, regulering og tilrettelegging for parkering.

I tillegg har kommunen motteke mange merknader knytt til spørsmål og problemstillingar som ein ikkje har føresett å løyse i kommuneplana, men som må løysast gjennom reguleringsplan. Dette gjeld bl.a. arealbruken innanfor sentrumsområda. Illustrasjonane i planomtalen må ikkje sjåast på som anna enn idear. Desse må vidareutviklast/endrast gjennom vidare detaljplanlegging.

Kommunedelplana for Vikadalen er føresett direkte vidareført i plana. Plana er som kommunedelplan så detaljert at den har karakter av å vere ei reguleringsplan. For å vidareføre rammene i plana, er det formålstenleg å supplere planomtala samt innarbeide illustrasjonar som syner dei viktigaste elementa i plana. Fram til det evt. er utarbeidd områdereguleringsplan for Vikadalen, må kommunedelplana og landskapsanalysen for Vikadalen leggest til grunn som tolkingsgrunnlag. Notat med framlegg til tekst følgjer saka som ikkje utskrive vedlegg.

Planomtalen bør i tillegg supplerast med kart og tekst som syner sambanda mellom dei ulike områda innanfor tettstadane. Notat med framlegg til tekst følgjer saka som ikkje utskrive vedlegg.

### **Motsegnene til arealbruk**

Fylkesmannen har sett fram motsegn til **3 områder for fritidsbygg på Seimsåsen**. Desse områda er direkte vidareført frå gjeldande plan. Dei grunnar motsegna i ny kunnskap om naturkvalitetar av stor verdi og at området ikkje er vurdert i høve handsamingsreglane i naturmangfaldslova. Dessutan syner dei til at plana er eldre enn 10 år, noko som inneber at dei ikkje er avskårne for å sette fram motsegn til planframlegget.

Kommunen har gjennom heile planprosessen vore tydeleg på at (1) arealbruken på Seimsåsen ikkje var gjenstand for vurdering gjennom dette planarbeidet, og (2) open på at det var naturkvalitetar i området. Dette går tydeleg fram av utkastet til og fastsett planprogram. Dersom berørte instansar ser at det kan vere grunnlag for å fremje motsegn, skal dei gje tidleg tilbakemelding til kommunen om dette når dei vert varsla om planarbeidet. I samband med høyringa av planprogrammet og ved utarbeiding av planframlegget, vart planarbeidet presentert for planforum. Ved presentasjon av det førebelse planframlegget vart det frå fylkesmannen synt til utfordringane på Seimsåsen, men ikkje varsla at dei vurderte å sette fram motsegn til denne direkte vidareførte arealbruken.

Den påpeikte usemja mellom kommunen og fylkesmannen om konsekvensane av plana er ikkje reell. Gjennomgang syner at det er semje om både kvalitetar, og einast ein om kva som er grunnlaget for vurdering av konsekvensar, er det også semje om konsekvensgraden.

Vidare grunnar fylkesmannen motsegna i manglande vurdering etter naturmangfaldslova og dei miljørettslege prinsipp som går fram av §§ 8 -12. Formålet med utarbeiding av planprogram er å gjer planarbeid føreseieleg og prosessane meir tidseffektive. Det utarbeidde planprogrammet er konkret både på alternativ, arealbruksstrategiar og utgreiingsbehov. Ved høyring av planprogrammet ba fylkesmannen om at det i fastsett planprogram vart teke inn eit punkt i høve naturmangfaldslova. Dette vart ikkje gjort. Bakgrunnen var at framlegget til planprogram vart vurdert til å vere dekkjande i høve dei konkretiserte ønskja til fylkesmannen.

Både i denne saka og i mange andre plansaker framstiller fylkesmannen det som om det skal gjerast to ulike vurderingar, dvs. ei etter forskrifta om konsekvensutgreiingar og ei etter dei miljørettslege prinsippa i naturmangfaldslova. § 9 i forskrifta om konsekvensutgreiingar klargjer at konsekvensutgreinga skal ta utgangspunkt i føreliggande kunnskap og naudsynt oppdatering av denne. Både plan- og bygningslova og naturmangfaldslova krev at vedtak skal baserast på vitenskapleg kunnskap. I rettleiaren til føresegnene om konsekvensutgreiingar går det fram at dette i utgangspunktet er kunnskap som allereie er tilgjengeleg. Det kan i tillegg femne om kunnskap som må framskaffast (ikkje tilgjengeleg eller vanskeleg tilgjengeleg). Innhenting av ny kunnskap (vitskapeleg kunnskap) skal vere knytt direkte til påverkinga og stå i rimeleg forhold til det vedtaket som skal fattast.

I plana har ein basert seg på tilgjengeleg kunnskap i nasjonale basar. Det er fyrst i samband med høyringa av plana at fylkesmannen krev at det vert henta inn ny kunnskap. Dessutan kan det stillast spørsmålsteikn ved om fylkesmannen etter føresegnene i både naturmangfaldslova og plan- og bygningslova, kan krevje denne direkte vidareførte arealbruken konsekvensutgreidd. Samtidig må det leggast til at kommunen har gitt til kjenne at ein ser utfordringane i området. På bakgrunn av utfordringane er området definert som eit utviklingsområde, der kommunen har føresett at det vert utarbeidd ein utviklingstrategi og planprogram. Dette synleggjer at kommunen av eige initiativ har teke utfordringa på alvor. Vidare detaljplanlegging vil avklare korleis omsynet til dei registrerte kvalitetane vert ivareteke.

Basert på det som kjem fram i uttala frå fylkesmannen samt det som er definert i den definerte utviklingsstrategien, er kommunen og fylkesmannen samde om kvalitetane og utfordringane. I tillegg synest det som ein òg er samd om korleis utfordringa kan løysast. Motsegna bør kunne tolkast slik at den er eit uttrykk for at fylkesmannen ønskjer å markere si haldning samtidig som den er ei understreking av at dei støttar strategien som kommunen har lagt inn i plana. Motsegna er i tillegg truleg sett fram ut frå at dei ønskjer å porsjonere seg på ein slik måte at dei ikkje er avskårne for å sette fram motsegn til reguleringsplaner i området på Seimsåsen. Den oppfølgjande prosessen har imedan vist at fylkesmannen ønskjer at atealet skal tilbakeførast til LNF-område.

Den påpeikte handsamingsfeilen byggjer på at rammeverket er nytt, samt at fylkesmannen er usikker på forholdet mellom plan- og bygningslova og naturmangfaldslova. Rådmannen tolkar situasjonen slik at ein i møtet den 10. januar 2012 einast om at fastsett planprogram er grunnlaget for dei vurderingane som skal gjerast etter begge lovene.

I møtet den 24. mai drøfta fylkesmannen og kommunen løysingar på nytt.

I møtet vart det utvikla ei løysing for Seimsåsen som inneber at:

1. Motsegn fyrst kan vurderast ved utarbeiding av meir detaljert plan
2. Det skal utarbeidast områdeplan som kommunen tek på seg ansvaret for å organisere og starte.

3. Før planarbeidet vert starta eller seinast i samband med oppstart skal kunnskapsgrunnlaget i høve biologisk mangfald betrast. Det er føresett at fagkunnig vurderer området på nytt.

Rådmannen vurderer løysing til å vere tilfredsstillande for kommunen, og rår til at den vert akseptert.

Fylkesmannen har òg sett fram **motsegn til dei viste byggpunkta på plankartet både i LNF-område for spreidd fritidsbygg og byggeområde for fritidsbygg**. Dei har grunna motsegna i at dei viste byggpunkta er lokalisert i område med viktige naturkvalitetar, samtidig som kavet til klargjering av omfang og lokalisering ikkje er ivareteke.

I tillegg viser dei til at plana opnar for oppføring av nye bygg i LNF-område for spreidd fritidsbygg som ikkje er vist på plankartet. Her må det understrekast at plana berre opnar for oppføring og utviding av bygg som er markert på plankartet i LNF-området for spreidd fritidsbygg i Tyedalen.

Kommunedelplana for Tyedalen vart vedteken i 2002. Arealbruken i vedteken plan er direkte vidareført. I byggeoråda for fritidsbygg kan det gjennomførast fortetting. Fortetting utover det som er planavklart i vedteken kommunedelplan, føreset at det enkelte området vert regulert. I den vedteke kommunedelplana er det krav om utbyggingsplan sør for fylkesvegen. Nord for fylkesvegen kan det byggast ut basert på områdevis (uformelle) planer som vert vedteke av kommunen. Utanfor dei definerte utbyggingsområda, dvs. i LNF-område legg plana opp til utbygging på/av spreidde byggpunkt.

Gjennom framlegget til kommuneplana er noverande areal direkte vidareført, men innanfor rammer som kan etablerast etter føresegnene i plan- og bygningslova. Det er ikkje opna for fleire bygg utan at dei vert planavklart i vedteken reguleringsplan. Arealbruk som ikkje er planavklart i gjeldande kommuneplan, kan berre gjennomførast i byggeområde. Vedteken kommunedelplan frå 2001 er så ny at ein må legge til grunn at den vedteke arealbruk er avklarande i høve dei ulike arealbruksinteressene som gjer seg gjeldande.

Bruk av byggpunkt er ein svært presis måte å klargjere kor mange bygg som kan førast opp og kor dei skal lokalisast. Miljøverndepartementet har i Planjuss 1/2003 vurdert prinsippa for styring som er valt i kommuneplana. Dei har konkludert med at prinsippa ligg innanfor rammene av korleis spreidd utbygging kan løysast i kommuneplana. Ny plandel påverkar ikkje dette.

Ut frå tilbakemelding frå Fylkesmannen i brev av 23. januar 2012, vart motsegna til dette punktet delvis trekt. Kommunen oversende i brev etter møte i styringsgruppa den 7. februar (kommuneplannemnda) med framlegg om at det vart innarbeidd negativt kriterium som inneber at det skal dokumenterast at bygg ikkje kjem i konflikt med kvalitetar av nasjonal verdi. Tilbakemeldinga frå fylkesmannen vert at kommunen ikkje har heimel til å ta inn ei slik føresegn.

I møtet den 24. mai 2012 vart det utvikla ei løysing som inneber at det vert teke inn ei retningslinje med føringar for byggesakshandsaminga, som stiller «krav» om at det ved søknad om deling eller bygging skal dokumenterast at tiltak ikkje kjem i konflikt med naturkvalitetar.

Rådmannen vurderer løysing til å vere tilfredsstillande for kommunen, og rår til at den vert akseptert.

**Endra arealbruk og arealbruksstrategiar i kommuneplanen**

Det er sett fram mange konkrete ønskje om endra arealbruk innanfor tettstadsområda. Kommuneplana er overordna. Dette er detaljar som det ikkje vert gått inn på i kommuneplana, men som må avklarast gjennom arbeid med reguleringsplaner.

Kystverket har sett fram ønskje om at fiskeområde i Årdalsfjorden vert sett av som kombinert fiske og ferdsel. Dette er isamsvar med prinsippet for arealbruk som er synt på plankartet, men kan tydeleggjerast som føreslått av Kystverket.

Kystverket ynskjer i tillegg at areala utanfor Årdalstangen vert sett av som ferdsels og ankringsområde. Dette er ikkje eige arealbruksformål. Samtidig er det viktig informasjon. Det vert difor føreslått at det vert synt på illustrasjon i planomtale, samt følgt opp med ei retningslinje til plana.

NVE har opplyst at det er utarbeidd nytt kart som syner flaumsonene basert på eit betre kartgrunnlag enn det som låg føre då kommuneplanen vart utarbeidd. Justeringane er små, men det nye kartet må uansett leggest til grunn ved forvaltning av plana. Endringa vert difor føreslått teken inn.

NVE ber om at det vert teke inn ei retningslinje som klargjer at Rikspolitiske retningslinjer for verna vassdrag gjeld innanfor nedslagsfeltet. Desse vil uansett gjelde. Retningslinje til plana er difor unødvendig.

Vidare ber NVE om at dei regulerte vatna vert sett av som omsynssone. Dei har ikkje klarlagt kor grensa bør gå. Det vert i staden for eige kart føreslått at det vert laga ei retningslinje som klargjer at Kyrkjevatn, Mannsbergvatn, Nedre Breibotvatn, Torolmen, Biskopvatn, Krekavatn, Viervatn og Berdalsvatn og Riskallvatn er reguleringsmagasin.

Plassen på Moa er automatisk freda. Grensa mellom grustaket og det automatisk freda område bør justerast i samsvar med ønskje frå fylkeskommunen.

Kommunen er kjend med at plana ikkje er avklarande i høve kulturminne. Naudsynt avklaring må gjerast ved utarbeiding av plan eller ved søknad om gjennomføring av tiltak.

Moe har sett fram ønskje om at det på Lykkja (Ø10) vert lagt til rette både for næring (industri) og bustad. Sakshandsamar er ikkje kjend med at det i ny plandel låg inne eit direkte forbod mot kombinasjonen industri og bustad, men dette er ein kombinasjon kommunen bør ha eit medvete forhold til. Truleg står valet mellom enten å legge til rette for bustad, industri eller å direkte vidareføre noverande arealbruk. Arealet ligg utfordrande til i høve flaum. Utlegging av området til bustad, føreset varsling av dei som vert direkte rørt.

### **Planføresegnene**

Fylkesmannen har gjeve råd om at fleire av planføresegnene bør takast ut/endrast. Bakgrunnen er at kommunen ikkje har heimel til føresegnene slik dei kommenterte føresegnene er utforma.

§ 1.4, bokstav e; Kommunen har ikkje heimel til føresegner om sakshandsaming. Dette er understreka i Planjuss nr. 1/2012. Føresegna bør endrast i samsvar med råd frå fylkesmannen, dvs. takast ut.

§ 2-1 strekpunkt 1 som unntek noverande industriområde frå plankrav; Dette punktet vert reformulert og innarbeidd i § 1-2 i føresegnene.

§ 2-2 bokstav b som utvidar innhaldet for kva formålet bustad femnar om. Kommunen har ikkje kompetanse til å utvide formål slik. Løysinga er å endre formålet til bygg og anlegg med ei spesifisering av kva formålet femnar om. Endringa gjer plana noko meir uklar, men det vesentlege er at arealbruk og føresegner ligg innanfor kompetansen som føresegnene i plan- og bygningslova gjev kommunen.

§ 3-1, 2. ledd, fyrste og andre punktum gjeld unntak for byggjeforbodet i LNF-område. Kommunen har ikkje heimel til å opne for utviding av bygg i LNF-område. Føresegna er teke med frå kommunedelplanen for Vikadalen. LNF-område for spreidd utbygging ville gitt kommunen heimel til ei slik føresegn. Talet på bygg er avgrensa, og det vert rådd til at 2. leidd i føresegna vert teken ut.

§ 3-3, 4. ledd er tilsvarande § 3-1, men gjeld innanfor 100-metersbeltet til sjø og vassdrag. Talet på bygg er avgrensa, og det vert rådd til at 4. leidd i føresegna vert teken ut.

§ 4-2 (bevaring av kulturmiljø) har ikkje kommunen heimel til å ta inn i plana. Føresegna gjev ikkje kommunen kompetanse til å gjere vedtak, og føresegna vert foreslått teken ut.

Landbruksavdelinga hjå fylkesmannen og landbrukskontoret rår til at det vert teke inn i plana ei rekkefølgjeføresegn for bustadområda T4 (Lysa) og Ø12 (Moa) som klargjer at desse er dei siste som skal byggast ut. I tillegg rår dei til at det vert stilt krav om høg grad av utnytting. I plana er det lagt til grunn høg grad av utnytting. Mykje av utbygginga i Årdal vil føregår som utfylling/fortetting i delvis utbygde område. Rekkjefølgjeføresegn vil påverke kommunen sine moglegheiter til å gjere prioriteringar og tilpasse tilbodedet av bustadtømtar.

Fiskeridirektoratet har kravd følgjande justeringar av planføresegnene:

§ 3-4 Bruk og vern av sjø og vassdrag - småbåthamn; Dei ber om at føresegna vert supplert med at: *«småbåthamn med flytebrygger skal først opp slik at dei ikkje vert til hinder for bruk av låsettingsplassen»*. Suppleringa framstår som nødvendig. Bakgrunnen er at bruk i strid med arealbruken i kommuneplanen, føreset dispensasjon.

§ 3-4 Bruk og vern av sjø og vassdrag – fiske; Dei ber om at føresegna vert supplert med at *«I sjøområda som i kommuneplanen er avsett til låsetting av fisk, har tradisjonelt fiske prioritet framfor andre aktivitetar. Det må ikkje komme installasjonar i låsettingsplassane som kan hindre utøving av fiske.»* Suppleringa framstår som nødvendig. Bakgrunnen er at bruk i strid med arealbruken i kommuneplanen, føreset dispensasjon.

NVE ber kommunen innarbeide ei generell føresegn med krav om flaumvurdering i særskilt utsette områder. Dette kravet følgjer av føresegnene i TEK10. Spørsmålet er dessutan naturleg å ta opp ved utarbeiding av ROS-analyse. Føresegna framstår difor som nødvendig.

### **Dei miljørettslege prinsippa (§§ 8 -12) i naturmangfaldslova**

Naturmangfaldslova femnar om all natur og alle sektorar som forvaltar natur eller som fattar vedtak som kan ha konsekvensar for natur. Gjennom lova er det, bl.a. innført forvaltningsmål for naturtypar og artar, krav til kunnskapsgrunnlag og rettslege prinsipp for natur (føre-var, samla belasting m.m.).

Formålsparagrafen (§1) i lova har slik ordlyd:

*«Lovens formål er at naturen med dens biologiske, landskapsmessige og geologiske mangfold og økologiske prosesser tas vare på ved berekraftig bruk og vern, også slik*

*at den gir grunnlag for menneskenes virksomhet, kultur, helse og trivsel, nå og i fremtiden, også som grunnlag for samisk kultur.»*

I vurderinga i høve dei miljørettslege prinsippa vert det lagt til grunn at noverande planavklart bruk ikkje er ein del av den vurderiga. Denne innfallsvinkelen er valt med utgangspunkt i § 9, 3. ledd i forskrifta om konsekvensutgreiingar, der det går fram at «for kommuneplanens arealdel utredes kun de delene av planen som fastsetter rammer for framtidig utbygging og som innebærer endringer i forhold til gjeldene plan». Vurderinga er avgrensa til framtidig arealbruk og utviklingsstrategiar.

Det går av § 8 første ledd i naturmangfaldslova fram at vedtak som rører naturmangfaldet skal bygge på vitskapleg kunnskap om artar sin bestandssituasjon, naturtypar si utbreiing og økologisk tilstand samt effekten av påverknad.

Kunnskapsgrunnlaget bygger i hovudsak på informasjon som er tilgjengelege i nasjonale databasar, opplysningar frå Årdal kommune og uttaler til varsel om oppstart av planarbeidet. Kravet til kunnskapsgrunnlag er definert i fastsett planprogram. Det er ikkje kome fram informasjon om at det er naudsynt å gjere tilleggsvurderingar/registreringar gjennom dette planarbeidet i høve framtidig arealbruk og definerte utviklingsstrategiar.

Kunnskapsgrunnlaget er vurdert til å vere i samsvar med krav til kunnskapsnivå som vert stilt i § 8 i naturmangfaldslova, når det vert sett til saka sin karakter og risiko for skade på naturmiljøet for den framtidige arealbruken og dei definerte framtidige utviklingsstrategiane.

Kunnskapsnivået i høve den framtidige arealbruken og dei definerte utviklingsstrategiane er godt og uvissa er på bakgrunn av føreliggjande informasjon låg. Det har heller ikkje for den framtidige bruken kome fram informasjon som inneber at det bør innarbeidast avbøtande tiltak for å unngå mogleg skade på naturmangfaldet, jf. § 9 i naturmangfaldslova.

Det er ikkje avdekt omsyn i høve den framtidige arealbruken gjennom planarbeidet som inneber at det bør stillast krav om miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar etter § 12 i naturmangfaldlova.

Noverande arealbruk i Tyedalen og på Seimsåsen hevdar fylkesmannen er i konflikt med dei miljørettslege prinsippa i naturmangfaldlova. Dette gjeld spesielt 3 noverande utbyggingsområder på Seimsåsen. I samsvar med § 6 i naturmangfaldlova er bruk i vedtekne planer/løyve gjort av offentleg mynde aktsam bruk. Kommunen ser utfordringa spesielt på Seimsåsen og har søkt å legge opp til ein strategi (utviklingsstrategi) som gjev eit betre grunnlag for naturmiljøet enn noverande bruk. I tillegg har kommunen invitert fylkesmannen til samarbeid om utvikling av ei løysing som er betre enn noverande. Dette er ei løysing som fylkesmannen har vurdert til å vere tilfredsstillande, føresett at dei ikkje vert avskåren frå å kunne sette fram motsegn til eit reguleringsplanframlegg.

### **Utgreiingsplikta i fastsett planprogram**

Kommunen har motteke få merknader til konsekvensutgreiinga. Dei mottekne merknadene som er direkte knytt til konsekvensutgreiinga er frå fylkesmannen og fylkeskommunen.

Fylkeskommunen har ikkje merknader til verken vedtaksgrunnlaget eller dei føreslåtte avbøtande tiltaka. Miljøvernavdelinga hjå fylkesmannen meiner referansealternativet burde ha vore noverande faktisk bruk. Samtidig syner dei til at det definerte referansealternativet gjev eit ikkje reelt bilde av konsekvensane av plana for områda på Seimsåsen og i Tyedalen.

Fylkesmannen skriv i si uttale at det ikkje er lagt ut nye byggeområder som kjem i konflikt med nasjonale eller viktige regionale interesser i høve naturmangfaldet, friluftsiinteresser eller landskap.

Fylkesmannen har vesentlege merknader (motsegn) til 3 vidareførte byggeområder for fritidsbygg på Seimsåsen og vidareførte byggpunkt i Tyedalen. Dei påstår samtidig at både defineringa av alternativ 0 og konsekvensgraden gjev eit missvisande bilde av konsekvensen for desse områda.

Fylkesmannen syner til at det er uheldig at alternativ 0 er definert som planavklart situasjon. Dei meiner noverande situasjon burde vore alternativ 0. I praksis inneber det at ikkje utnytta utbyggingsmoglegheiter i vedtekne planer ville vere å sjå på som del av plan som skal vere gjenstand for vurdering i konsekvensutgreiinga. Dei grunnar dette, bl.a. ved å syne til vedlegg III i forskrifta om konsekvensutgreiingar, der det går fram at «*tiltak skal begrunnes og det skal redegjøres for følgene av å ikke realisere tiltaket (alternativ 0)*». Fylkesmannen syner i den samanheng til at dei meiner tilsvarende må gjelde for planer, dvs. at det å ikkje realisere plana skal definerast som alternativ 0.

Vedlegg III i forskrifta om konsekvensutgreiingar inneheld rammer for innhald til konsekvensutgreiing. Av 1. setning går det fram at konsekvensutgreiinga skal baserast på fastsett planprogram og i naudsynt utstrekning innehalde dei punkta som det vert synt til i vedlegget.

§ 6 i forskrifta om konsekvensutgreiingar klargjer krava til innhald i planprogram, medan § 9 klargjer krava til innhald og utforming av planframlegg med konsekvensutgreiing. I § 9, 3. og 4. leidd i forskrifta om konsekvensutgreiingar står det:

*«For kommuneplanens arealdel utredes kun de delene av planen som fastsetter rammer for framtidig utbygging og som innebærer **endringer i forhold til gjeldene plan.***

*Konsekvensutredningen av arealdelen skal beskrive virkningene for miljø og samfunn av nye områder for utbygging eller vesentlig endret arealbruk i eksisterende byggeområde. Omfanget og nivå på utredningen av enkeltområder må tilpasses områdets størrelse, utbyggingens omfang og antatt konfliktgrad. Det skal også gis en vurdering av virkningene av de samlede arealbruksendringene for miljø og samfunn.»*

Ovannemnde syner at det er dei delane som fastset rammer for framtidig utbygging og som inneber endringar i høve til gjeldande plan som skal utgreiast. Dette stadfesta jurist hjå fylkesmannen i møte den 10. januar 2012.

I høyringsuttalene er det ikkje komme fram supplerande opplysningar som verkar inn på konsekvensane som er skildra i konsekvensutgreiinga som følgjer plana.

### **Avbøtande tiltak og klargjering av tilhøve som skal avklarast/vidare vurderast**

I kap. 11 i konsekvensutgreiinga er det gjeve ei oversikt over avbøtande tiltak og tilhøve som skal avklarast/vidare utgreiast. Gjennom høyringa er det ikkje komme fram framlegg om andre avbøtande tiltak, men strategien for vidareutvikling på Seimsåsen er foreslått justert som følgje av arbeidet med å finne fram til ei løysing som inneber at fylkesmannen kan trekke motsegna til plana for Seimsåsen. Tilsvarende er gjort for dei 8 byggpunkta kring Torolmen, men løyst med retningslinje som «krev» registrering av biologisk mangfald før deling og bygging kring dei 8 byggpunkta.



## Risiko- og sårbarheitsanalysa

Det er i fyrste rekkje NVE og Beredskapsavdelinga hjå fylkesmannen som har merknader til risiko- og sårbarheitsanalysa. Det er ikkje peikt på verken vesentlege manglar eller kome inn vesentlege supplerande opplysningar.

Beredskapsavdelinga hjå fylkesmannen etterlyser informasjon i høve kva som har vore grunnlaget for konklusjonane i høve verksemdbasert risiko i kap. 8.4.4. I tillegg ber dei kommunen om at verksemdbasert risiko bør vere eit generelt funn for oppfølging på lik linje med ras/skred.

I samband med at kommunen utarbeidde framlegg til kommuneplan vart det henta inn informasjon frå Hydro om storulykke transport, lagring og bruk av farlege stoff som fell innanfor storulykkeforskrifta.

Hydro Aluminium Årdal Metallverk oppbevarar og nyttar stoff/materiale som fell innanfor virkeområdet til Storulykkeforskrifta. Dette femnar om:

- Lagertankar med flytande brennbare gass (LPG) både på Årdalstangen og Øvre Årdal
- 2 store lagertankar med Bek på Årdalstangen
- 2 tankar med Oksygen i Øvre Årdal
- Inntil 200 tonn brukte katodeforing (SPL) vert lagra ved anlegget i Øvre Årdal.

Frå Hydro er det opplyst at anlegga er meget godt vedlikehalde og vert i tillegg jamleg følgd opp av ansvarleg mynde. Risikoen for uhell er av Hydro vurdert til å vere svært liten. Bakgrunnen er høg teknisk tryggleik på anlegga. Verksemda har Beredskapsplan, og beredskapsorganisasjonen i verksemda er dimensjonert for og trenar til å handtere dei farane og ulykkesituasjonane som er definert for verksemda.

Basert på gjennomgang av forskrifta med rettleiing og rettleiande tryggleiksavstandar er konklusjonen at det er risikovurderinga til Hydro som skal fastsette eventuelle tryggleikssoner og formidle desse til kommunen. Risikovurderinga til Hydro vart revidert i 2011. Risikovurderinga til Hydro har vore grunnlaget for vurdering av sannsynet og konsekvensen av hending.

Det er i arbeidet og dialogen med Hydro ikkje kome fram informasjon om trong for tryggleikssoner som legg arealmessige avgrensingar på bruken av områda utanfor verksemda til Hydro. Det er definert ei evakueringssone (1 km) som går utanfor anlegget. Evakueringssona skal ikkje avmerkast som omsynssone på kommuneplankartet.

Sjølv om det ikkje er spesifisert tryggleikssoner i Hydro si analyse, har ein vurdert å sette av omsynssone i kommuneplanen med dei rettleiande avstandane som er gitt i rettleiinga til DSB. Rettleiande sone kring tankane på Årdalstangen er 5 meter, medan sone i Øvre Årdal vil vere 30 meter. Desse rettleiande sonene er ikkje vist, ut frå at; (1) tankvolumet til Hydro er vesentleg større enn volumet som er oppgitt i tabellen i rettleiinga til DSB, (2) det har ikkje kome fram informasjon frå Hydro om tryggleikssoner som strekkjer seg utanfor anlegget til Hydro og (3) Hydro er unnateke for bygningsdelen i plan- og bygningsloven, jf. brev av 17. juni 1969 frå KR.D.

Sjølv om det ikkje er avdekt trong for avsetting av omsynssone i kommuneplanen, er det viktig at det er ein kontinuerlig dialog mellom kommunen og Hydro, vedr. arealbruken kring Hydro sine anlegg i Årdal kommune. I kommunen sitt vidare arbeid med samfunnstryggleik og arealplanlegging bør det leggjast eit press på Hydro for å få gjennomført eller dokumentert

at det er gjennomført naudsynthe analyser for å klargjere om det er trong for avsetting av omsynssoner i høve arealbruk innanfor og/eller kring anlegga til Hydro.

På bakgrunn av den informasjonen som ligg føre, er ikkje verksemdsbasert risiko ei hending som må vurderast spesielt gjennom sårbarheitsvurdering i nærmast alle plan og tiltakssaker. Det er difor ikkje teke med som ei hending for generell oppfølging på lik linje som skred.

Fylkeskommunen har i si uttale utfordra NVE til å sette i gang eit skredprosjekt i Årdal. I Årdal har det sidan 1950-talet vore jobba meir eller mindre kontinuerleg med skredutfordringa. Gjennom skredkartet som vart utarbeidd i 2009 og justering av krava til tryggleik i TEK10, er delvis det gjennomførte arbeidet sett til side og skred er ei utfordring i nærmast alle plan- og tiltakssaker. Omsynet til ras bør gjerast meir føreseieleg. Rådmannen vil difor rå til at det vert jobba vidare med initiativet som fylkeskommunen har teke i høve skred.

### **Oppheving av soneplanane for Øvre Årdal, Årdalstangen, Seimsdalen, Utladalen og Fardalen**

Soneplanane er frå seint på 1980-talet og tidelg på 1990-talet. Desse planane er tilpassa tid å tilhøve i kommuneplana. Soneplanane kan opphevast.

### **Oppheving av kommunedelplane for Naddvik og Tyedalen**

Kommunedelplana for Naddvik er svært detaljert både i høve arealbruk, føresegner og retningslinjer. I tillegg følgjer det plana ei landskapsanalyse som klargjer kvalitetane i området. Vidareføring av arealbruken i kommunedelplana til kommuneplanen har som følgje av ny plandel vist seg å vere utfordrande. Kommuneplana bør tolkast med utgangspunkt i kommunedelplana for Naddvik og bakgrunns materialet for denne. Kommuneplana for Naddvik/Vikadalen bør ikkje opphevast. Ved å ikkje oppheve kommunedelplana vil den kunne leggest til grunn som tolkingsgrunnlag ved handsaming av planer og søknader. Det avgjerande styringsgrunnlaget vil vere kommuneplana.

Kommunedelplan for Tyedalen er vidareført på ein tilfredstillande måte. Den klargjer uvissa i høve grad av utnytting som er i kommuneplana. Denne kommunedelplanen kan difor opphevast, utan at det vil ha nokon vesentleg konsekvens i høve tolking av kommuneplana.

### **§§ 9 (omdisponering) og 12 (deling) i jordlova**

I samband med at plana vert lagt ut til offentleg ettersyn vart det førehandsvarsla at kommunen vurderte å gjere §§ 9 og 12 i jordlova gjeldande for LNF-områda for spreidd utbygging. Dette vart gjort for å sikre at søknader om omdisponering og deling vert handsama etter både plan- og bygningslova og jordlova.

Gjennom høyring har landbrukskontoret sett fram ønskje om at §§ 9 og 12 i jordlova vert gjort gjeldande for areala sett av til bygningar og anlegg, markert som T4, T5, Ø10 og Ø12 i konsekvensutgreiinga. Ønskje er grunna i at dei meiner desse områda burde vore noko meir grunding utgreidd i konsekvensutgreiinga. Områda er utgreidd med utgangspunkt i fastsett planprogram. Konsekvensane går fram av konsekvensutgreiinga. Landbruk har ikkje konkretisert kva side av utgreiinga som er for dårleg. Dei har heller ikkje komme med supplerande opplysningar om areala. Det ligg difor ikkje føre ny informasjon som inneber at §§ 9 og 12 i jordlova bør gjerast gjeldande for desse 4 områda for bygningar og anlegg.

### **Nytt offentleg ettersyn**

Av § 11-15 i plan- og bygningslova går det fram at «*Dersom kommunestyret vil treffe vedtak om kommuneplanens arealdel som medfører en bruk av arealer som ikke har vært gjenstand*

*for høring under planbehandlingen, må de deler av planen som ønskes endret, tas opp til ny behandling».*

Omsynssonene i høve flaum er justert på bakgrunn av endeleg flaumsonekart frå NVE. Justeringa er avgrensa. Ved handsaming av plan- og byggesaker vil det måtte takast omsyn til det nye kartet.

Den endra arealbruken frå bustad til bygg og anlegg er i praksis ei opprydding, som sett saman med innhaldet i føresegnene ikkje påverkar den faktiske bruken som plana opnar for.

Føresegner er flytta og nokre er foreslått tekne ut. Tilbakemelding frå fylkesmannen er bakgrunnen for at føresegner er tekne ut. Dette er føresegner som fylkesmannen har vurdert til at plan- og bygningslova ikkje gjev kompetanse til i kommuneplan. Nokre føresegner er justert. Dette er vurdert til å vere avgrensa suppleringsar som utdjupar formålet og/eller eksisterande føresegner

Det er teke inn ein del retningslinjer i plana. Dette er retningslinjer med informasjon om kvalitetar. Informasjonen er teken inn for å lette tilgjenga til informasjon som skal leggast til grunn ved handsaming av saker. Endringar i planomtala og retningslinjene gjev ikkje heimel for vedtak.

I tillegg er planomtala supplert med informasjon som klargjer innhaldet i plana. Denne supplerande informasjonen tydeleggjer plana, men endrar ikkje innhaldet.

Gjennomgangen av dei føreslåtte justeringane har ikkje avdekt at det er krav om at plana må leggast ut til nytt offentleg ettersyn før den vert vedteken.